

Høyringsinstansar

Dykkar ref:

Vår ref:

Dato: 10. mars 2022

Høyring: Utviklingsplan 2023 – 2026 (2037)

Utviklingsplanen er Helse Møre og Romsdal sitt øvste strategiske dokument og er no under revisjon. Den viktigaste endringa i revidert utviklingsplan er at vi berre har behandla føretaksperspektivet. Målet er at utviklingsplanen frå eit overordna nivå skal peike på ønska utviklingsretning for Helse Møre og Romsdal, og kva slags prioriteringar vi ser på som nødvendige i utviklinga av framtida si helseteneste på ein berekraftig måte. Planen skal følgeleg bli understøtta av meir detaljerte og operasjonelle handlingsplanar for klinikkar og innan fagområde.

Styret i Helse Møre og Romsdal godkjente høyringsutkastet på styremøtet 2. mars, og ba administrerende direktør gjennomføre ein høyringsprosess.

Utkastet blir no sendt på høyring til tilsette internt, regionråd, kommunar i opptaksområdet, brukarorganisasjonar, utdanningsinstitusjonar, samarbeidspartnarar og andre interessentar. Andre aktørar er også velkomne til å gi innspel.

Høyringsversjon av Utviklingsplan 2023 – 2026 (2037) ligg på:

<http://www.helse-mr.no/utviklingsplan>

Høyringssvar merkast med UP2023-2026 og sendast til posttmottak@helse-mr.no.

Høyringsfrist er satt til 6. mai 2022.

Mvh,
Øyvind Bakke
Administrerende direktør